

---

**Fra:** Marte Hagen Eriksrud  
**Sendt:** fredag 27. mars 2020 13.36  
**Til:** bjorn-atle@abo-ark.no  
**Kopi:** Omre Gunn Cecilie; Trude Langedal; Marianne Aadland Sandvik  
**Emne:** E39 Flatøy-Eikefettunnelen - Gjervik - ønskje om møte

**Oppfølgingsflagg:** Følg opp  
**Status for flagg:** Flagget

Hei,  
Viser til e-post under, samt e-post med tilsendt vedlegg.

Underteikna er administrasjonen i Alver kommune sin representant inn i prosjektgruppa for det pågåande arbeidet med kommunedelplan for E39 Flatøy-Eikefettunnelen. Dette svaret er utarbeida i samråd med prosjektleiar i Statens vegvesen, Gunn Cecilie Omre.

Alver kommune og Statens vegvesen er positive til eit møte.

Aktuelle tema:

- Presentasjon av tiltakshaver/grunneigar sine planer og ønskjer for området
- Føringer for området i kommunedelplan for Knarvik-Alversund, med Alverstraumen (vedtatt 15. oktober 2019)
- Status for pågåande arbeid med kommunedelplan for E39 Flatøy-Eikefettunnelen

På grunn av den spesielle situasjonen vi står oppe i no, foreslår vi at vi venter med å fastsette tid og stad for møte til etter påske. Da er det kanskje mogleg å ha eit fysisk møte, viss ikkje får vi avtale eit skypemøte.

Aktuelle deltakarar frå kommunen er Marte Hagen Eriksrud og Trude Langedal (prosjektleiar for kommunedelplan for Knarvik-Alversund, med Alverstraumen).

Frå Statens vegvesen deltek prosjektleiar for KDP E39 Flatøy-Eikefettunnelen, Gunn Cecilie Omre. Omre koplar på eventuelt andre i Statens vegvesen og/eller Norconsult som bør delta.

I e-posten til Statens vegvesen er det stilt nokre spørsmål kring plansituasjon for det aktuelle området i Gjervik. Alver kommune vil understreke at ein ikkje kan starte opp eit reguleringsplanarbeid på dette området, før kommunedelplan E39 Flatøy-Eikefettunnelen er godkjent, og området eventuelt ikkje vert omfatta av ny trasé for E39 (føringer i kommunedelplan for Knarvik-Alversund, med Alverstraumen). Forarbeid til reguleringsplan kan startast opp, men det vil vere på tiltakshaver sin eiga risiko.

**Marte Hagen Eriksrud** | Rådgjevar på plan og analyse

Telefon: 563 75 637

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)



**ALVER**  
KOMMUNE

---

**Fra:** Bjørn Atle Drange <[bjorn-atle@abo-ark.no](mailto:bjorn-atle@abo-ark.no)>  
**Sendt:** fredag 13. mars 2020 14:00  
**Til:** Omre Gunn Cecilie <[gunn.omre@vegvesen.no](mailto:gunn.omre@vegvesen.no)>  
**Emne:** Fwd: E39 Flatøy-Eikefettunnelen

Hei Gunn. E-posten nedanfor sendte eg til Jannicke Neteland Olsen som var oppgjeven som prosjektleiar men som har slutta i vegvesenet. E-posten forklarar kva saka gjeld. Eg sender deg skissene eg har laga i eigen e-post. Håpar å høyre frå deg om ikkje lenge.

Mvh Bjørn-Atle Drange

Sendt fra min iPad

Videresendt melding:

**Fra:** Bjørn Atle Drange <[bjorn-atle@abo-ark.no](mailto:bjorn-atle@abo-ark.no)>  
**Dato:** 11. mars 2020 kl. 13:08:55 CET  
**Til:** "jannicke.neteland.olsen@vegvesen.no"  
<[jannicke.neteland.olsen@vegvesen.no](mailto:jannicke.neteland.olsen@vegvesen.no)>  
**Kopi:** Söderstrøm Hagesenter AS <[post@soderstromhage.com](mailto:post@soderstromhage.com)>  
**Emne:** E39 Flatøy-Eikefettunnelen

Hei

Eg skriv denne meldinga til deg på vegne av Söderstrøm Hagesenter i Knarvik i Alvær kommune. Söderstrøm familien (far, mor og sonen) driv Söderstrøm Hagesenter i Knarvik sentrum. Her har dei drive verksemda i mange år no på eit leigd areal - rett på nedsida av E39. Tomten er alt for liten (ca. 1 dekar) eller trong i forhold til det som trengs (ca. 8 – 10 dekar). Tidlegare Lindås kommune har vore klare på at dette er ei verksemd som dei ønskjer ut or sentrum. Sidan Söderstrøm leiger tomta er dei innforståtte med at dette vil tvinga seg fram i relativt nær framtid.

Söderstrøm har kjøpt eit lite gardsbruk i Gjervik som ligg like aust for sentrum. Her hadde tidlegare eigar fått planert eit lite areal nær E39 som Söderstrøm har fått mellombels løyve til å ha ein lagerhall ståande. Denne vert nytta til lagring av ymse sesongvarer. Gården gnr. 180, bnr. 5 vart kjøpt i 2012 og det vart deretter søkt om oppstart av privat reguleringsplan for den vestre delen av garden - ca. 20 dekar. Planutvalet i Lindås kommune svara då at Söderstrøm burde venta til arealet var avklara i ei ny rullering av kommunedelplanen Knarvik- Alversund. Dette svaret har Söderstrøm støtta seg på i ettertid.

På seinumaren 2019 vart kommunedelplanen Knarvik – Alversund vedteken av Lindås kommunestyre. I den vedtekne planen er arealet på Gjervik disponert til næringsføremål. Men det ligg ei bandlegging over heile Gjervik der det heiter: *Det er ein føresetnad for utvikling av felt BN3 at framtidig vegløyving for E39 må vera avklart og at området kan sikrast ei trafikksikker tilkomst frå overordna vegnett. Avkøyrse og tilkomstveg til BN3 skal ikkje vera i konflikt med framtidig løyving for gang- og sykkelveg for E39.*

Som du sikkert forstår, er Söderström sterkt interessert i å koma seg vidare med planane om å bygge nytt hagesenter på Gjervik. Det er slik vi forstår det Vegvesenet som har nøkkelen til dette. Så langt vi kan lese forslaga til vegalternativ som vert tilrådd utgreidd vidare, så er det eitt av desse som går via Gjervik med halvt kryss i Knarvik og halvt kryss i Gjervik, jf. Silingsrapport utarbeidd av Statens vegvesen. I rapporten på side 33, er det vist ei løysing for korleis ny E39 kan etablerast med tilhøyrande kryss. Så langt vi kan sjå av dette materialet, vil ikkje Gjervikflaten bli særleg råka. Sjølv med rom for nokon justeringar av framlegget, vil planane truleg ta omsyn til og tilpassast noverande E39. Vi har i tillegg skissert korleis hagesenteret etc. kan utviklast på Gjervik utan å vera til hinder for planane om ny E39.

Desse tilhøva ønskje vi sterkt å få diskutert med Vegvesenet. Vi ber dykk difor om eit møte i næraste framtid kor dette vil leggjast fram og kor vi i fellesskap kanskje kan finna ei løysing som kan føra til at Söderström Hagesenter kan få realisert sine planar på Gjervik.

Eg set pris på om eg høyrer frå deg snart.

Vennlig hilsen  
**Bjørn-Atle Drange**  
920 68 841



Hamnevegen 53  
Pb.291  
5203 OS